

Under tittelen **Politifange i Tyskland** har det vesle *Lokalhistorisk Forlag* på Espå i Hedmark fått tak i og publisert eit bortimot einestående historisk dokument som er rystande og grusom lesnad. skriv DT-meldar Øystein S. Ziener i denne omtalen av boka som er Hamarmannen Birger Kolstads dagbok frå ein tysk konstrasjonsleir.



## «Det brennes store likbål hver aften»

16. august 1943 var den då 23-årige Birger Kolstad frå Hamar arrestert av tysk politi. Kolstad var sjølv politikonstabel, og arrestasjonen av han var eit ledd i den såkalla politiaksjonen der omlag 500 norske politifolk vart arresterte. Aksjonen ramma tilfeldig, og Kolstad som var på ferie, valde å melde seg i staden for å ta imot tilbudet om flukt til Sverige. Han visste at om han flykta, ville faren verte tatt som gissel i staden.

Frå Victoria Terrasse bar det først til Mølleregata 19 før fangeleiren på Grini vart mellomstasjon på veg til konsentrasjonsleiren Stuthof utanfor Danzig. Kolstads opphald her varte frå desember 1943 heilt fram til fredsvåren 1945. I Stuthof vart dei i alt 271 norske politifangane plasserte i ein separat leir. Sonderlager, og dei var nok privilegerte samanlikna med dei tusentals menneske som vart stupa saman i hovudleiren og der dødsfalla og avrettingane var så mange at kapasiteten til krematoria vart sprengd, og lika var brennde på store bål utadørs. Dei norske politifolka fekk berre kjenne stanken, men også blant dei var det treppen som ikkje kom heim.

### Hemmeleg dagbok

Å ta notat var sjølv sagt forbode i konsentrasjonsleiren Stuthof, men likevel klarte Birger Kolstad å føre dagbok under mest heile opphaldet sitt i leiren. Minst like fantastisk er det at han klarte å berge med seg den blyantskrivne kladdeboka si heim att under den svært dramatiske evakueringa av leiren.

Kolstads dagbok må slik vere eit bortimot einestående historisk dokument. Sjølv om det har utkomme talrike

### Dokumentar

*Politifange i Tyskland*  
Birger Kolstads dagbok fra  
Stuthof-leiren  
Redigert av Berit Nøkleby  
Lokalhistorisk Forlag

bøker om opplevingar frå konsentrasjonsleirane under krigen med Trygve Brattelis versjon som den mest kjende og mest seljande, er *Politifange i Tyskland* ei oppsiktsvekkjande utgiving nettopp fordi det er ei autentisk augevitneskildring skriven der og da og utan noko overordna eller tilbakeskodande perspektiv. Ikkje minst vitnar den knappe og nøkterne uttrykksmåten om den pressa situasjonen dagboksnotata er skrivne under, og den krasse samanstillinga av dagens middagsmat i den eine setninga og likebrenning i den andre talar sitt tydelege språk om kampen for å overleve under umenneskelig livsvilkår.

### Motivasjon

Kva som har vore Birger Kolstads motivasjon for å skrive dagbok, kjem ikkje tydeleg fram av teksten hans. I sitt forord påpeikar enka hans at dagboka kan ha hatt ein terapeutisk funksjon, og kanskje har ho også vore ein del av Kolstads overlevingsstrategi. Av og til opptrer eit «dere» i teksten som lar seg bestemme som Kolstads familie ut frå ein merknad som «Pakka fra dere». Truleg har opplevingane hans vore så sterke at dei ikkje har vore til å bere aleine, og forestillinga om dei næraste som moglege framtidige lesarar har kanskje hjulpet han til å halde ut opphaldet i Stuthof.

Tidspunktet for når Birger Kolstad tok til å skrive, lar seg heller ikkje bestemme presist. Den første delen av dagboka som omhandlar arrestasjonen, forhøyra på Møllergt. 19 og opphaldet på Grini er skriven i ettertid. Det er først når han kjem til Sonderlager i Stuthof at han tar sine notat dag for dag fram til 19. mars 1945. Da vart situasjonen så tilspissa og dramatisk at dagboksføring var umogeleg, men denne perioden med evakuering, desperate tyske vokterar, russiske bombetokter over området og til slutt ein dødsseilas over Austersjøen er også med i boka i Kolstads eigen versjon i eit brev skrivi i 1975.

### Overleving

Tona i dagboka skiftar også karakter. Dei innleiande avsnittene er trass alt alvorleg prega av ein fænioldsk og svart humor som vitnar både om eit visst overskot og ein manglande kunnskap om kva som venta. Men i løpet av dei første seks månadene i Stuthof gjekk Birger Kolstad ned tolv kilo i vekt, og livet vart ein einaste kamp for å overleve. Det er ikkje rart at dei magre og monotone middagsmenyane vart noterte for kvar dag: Gulrotsuppe, kålrotsuppe, grynsuppe.

Samstundes må Birger Kolstad ha vore ein mann utstyrt med særlege overlevingsvevner. Ikkje berre skreiv han; han hadde også eit stort talent for å «ørge» mat. Først når posten og pakkane heimefrå og frå Raude Krossen nådde Stuthof i løpet av vinteren 1944, vart den verste underernæringa bota, og paradoksalt nok: Eiter kvart som pakkes-traumen tok til, kunne dei «privilegerte» politifangane i Stuthof i alle fall i peri-

odar dekkje eit rikare bord enn sivile som var underlagde den strenge rasjonerina.

Men Birger Kolstad var av dei siste som fekk pakkepost frå familien, og ein kan berre ane den smerten som ligg bak hans dagleg gjentatte «ikk post til meg i dag heller» i vintermånadene 1944.

### Tysk teneste

Dei norske politifolka fekk særbehandling, og dei vart sett til arbeid på tyske gardar utanfor leiren. Det ga også høve til å skaffe seg ekstrasysningar sjølv om arbeidet sjølv sagt var eit blodslit. Og ein einaste gong trakk eg på smilebandet under lesinga av denne boka: På gardsarbeid traff den unge Birger ei russisk jente som like godt kysste han i alles påsyn. Kolstads kommentar til den opplevinga var: «Det er det værste jeg har opplevd».

Men også dei norske politifangane vart sett under press: Tyskarane ville ha dei til å gå i si teneste, noko dei standhaftig nektar med trugsmål om brutale represalier og overføring til hovudleiren i Stuthof som moglege straff. Det skjedde likevel ikkje.

### Gasskamre

Birger Kolstad var – naturleg nok – i lange periodar sjuk under opphaldet sitt i Stuthof, og på ferda over Austersjøen braut det ut flekkyfus blant dei norske fangane. Seks av dei doyde i Sverige, og også Kolstad vart alvorleg sjuk og låg medvitslaus i ni døgn, men overlevde. I det heile er det i skildringa av evakueringa av leiren i Stuthof, dødsmarsjer i snøstorm, folk som segnar om og

vert skotne av desperate tyskarar at ein møter nazismen i sin fulle brutalitet i Kolstads dagbok. Tilsvarende grusomme er dei glimta han gir frå hovudleiren i Stuthof som han sjølv var utanforståande i forhold til.

### Glansa papir?

Det er det vesle *Lokalhistorisk Forlag* som har utgitt *Politifange i Tyskland*. Originalmanuskriptet er delt inn i kapitlar og forsynt med samanfattande innleiingar av historikaren Berit Nøkleby. Slik vert hovudlinene i Kolstads opplevingar klargjort, men Nøkleby kunne kanskje ha hatt ein enda større distanse til primærforelegget. Innimellom smitar Birger Kolstads uttrykksmåte over på hennar eige språk, men at hans stavemåtar og ortografiske feil er fasthaldne også i den ferdige boka er likevel slik det bør vere.

Boka er illustrert med strekteikningar av ein av Kolstads medfangar i Stuthof-leiren, Anker A. Hafstad frå Bergen. Det styrkar sjølv sagt bokas verdi, men likevel forundrar det meg at forlaget har valt å trykke denne teksten på glansa papir og binde boka inn i ein like glinsande perm. Truleg hadde andre løysingar vore meir nærliggjande som kunne ha gitt eit mykje større preg av autenistet til ei utgiving som denne.

Likevel: *Politifange i Tyskland* er ei bok som heilt og fullt talar sitt eige språk. *Politifange i Tyskland* er ei bok om å oppleve nazismen på eigen kropp.

Øystein S. Ziener